



# Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2011 -2014

Fyresdal kommune

Vedtatt kommunestyret  
25.11.2010

## INNHALD:

### HØYRINGSLISTE

#### INNLEIING

Bakgrunn for planen	s 4
Planprosessen	s 4
Definisjonar	s 5
Evaluering av forrige plan	s 5
Retningslinjer for spelemidlar	s 6

#### IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK

Sentral føringar	s 6
Kommunen sin politikk	s 7

#### UNIVERSELL UTFORMING/TILGJENGE FOR ALLE

s 7

#### MÅLSETJINGAR

Kommunale mål	s 7
Hovudmål	s 8
Delmål	s 8
Tiltak for å nå måla i planperioden	s 8

#### INNSPEL TIL PLANEN

s 8

#### BEHOVSANALYSE

Situasjonen i dag	s 10
Kulturbygg	s 10
Friluftsliv	s 11
Idrett	s 11

#### ANALYSE AV LANGSIKTIGE OG KORTSIKTIGE BEHOV FOR ANLEGG OG AKTIVITET

Analyse kulturbygg	s 13
Langsiktige behov kulturbygg	s 14
Analyse idrett og friluftsliv	s 14
Langsiktige behov idrett og friluftsliv	s 15
Kortsiktige behov idrett og friluftsliv	s 15

Prioritert handlingsprogram 2011-2014	vedlegg
Uprioritert handlingsprogram 2015-2018	vedlegg

#### Kjelder

s 17

## HØRINGSLISTE DELKOMMUNEPLAN FOR KULTURBYGG, IDRETT OG FRILUFTSLIV FYRESDAL KOMMUNE

Formannskapet  
Hovudutval for kultur, oppvekst og omsorg  
Hovudutval for landbruk og teknikk  
Barnas representant

Telemark Fylkeskommune, regionaletaten  
Telemark Fylkeskommune, planetaten  
Statens Vegvesen  
Telemark Idrettskrets

Fyresdal Idrettslag	Torhild Bondal
Fyresdal Leirduelag	Halvor Solberg
Fyresdal Musikkorps	Åse Tovslid
Fyresdal Røde Kors	Arne Dag Lassemø
Fyresdal Skiskyttarlag	Arve Levang
Fyresdal Skyttarlag	Ansgar Johre
Fyresdal Motorsportklubb	Alexander Brekke
Fyresdal Aeroklubb	Olav Lund
Fyresdal Idrettsråd	Alexander Brekke
Fyresdal Tråvlag	Geir Bjåland
Elevrådet ved Gimle skule	
Hugljufur Islandshestfor.	Janne Teksle
Tele-Agder Flyklubb	Ole Jørgen Løvland
Roan 4H	
4H Vest	Lise Lund

Birtedalen Grendelag	Grethe Lassemø
Hauggrend Grendelag	Marini van Terheijden
Heggland Grendelag	Kjersti Bergland
Kilegrend Grendelag	Liv Blørstad Kiland
Kleivgrend Grendelag	
Moland Vel	Tone Austjord
Veum Grendelag	Bouke Boumann
Vestkanten Grendelag	Lillian Borgen
Åsland Grendelag	Gunhild Austjord

Arbeiderpartiet  
Bygdelista  
Senterpartiet

Til offentlig gjennomsyn  
Kommunehuset (sentralbordet)  
Fyresdal Folkebibliotek

## **INNLEIING:**

### **Bakgrunn for planen**

Fyresdal Kommune fekk sin første plan for idrett og friluftsliv i 1988. Denne blei revidert i 1993 og i 1999. I år 2000 kom det krav frå departementet om at det også skulle lagast plan for kulturbygg. Sidan Fyresdal er ei lita kommune fann ein det føremålstenleg å lage ein felles plan for dei nemnde områda. Planen vart difor revidert på nytt i år 2000, og kulturbygg vart integrert.

Kravet til kommunalplanlegging er heimla i plan- og bygningsloven §11-4. Kommunedelplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan, og ein del av det kommunale plansystemet.

Gjeldande plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv vart vedteken av kommunestyret hausten 2005, og gjort gjeldande for perioden 2005-2009. Med bakgrunn i denne planen er det utarbeidd ny plan for perioden 2011-2014. Planen byggjer på gjeldande plankrav frå kulturdepartementet.

Departementet stiller krav om at alle anlegg som ein ynskjer å søke om spelemidlar til skal vere med i ein vedteken plan for idrett og friluftsliv. Målet med planen er å få eit godt styringsverktøy for dei ulike sektorane i Fyresdal kommune, samt koordinere utbyggings- og rehabiliteringsprosjekt i regi av lag og organisasjonar i kommunen. Ein ynskjer å få ein plan som er eit godt verktøy i arbeidet med vidare utbygging og tilrettelegging for idrett og friluftsliv i kommunen.

### **Planprosessen**

Kulturavdelinga ved kulturkonsulenten fekk i 2010 ansvar for revidering av planen.

Kulturkonsulenten har samarbeida med sektorleiar for oppvekst og kultur, sektor for næring og kommunalteknikk, økonomisjef og andre relevante partar i administrasjonen.

Vedtak om å starte arbeidet med revisjon av plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv vart gjort i formannskapet i møte 4/9-2009. Formannskapet er planutval i kommunen.

Kulturavdelinga har bedt om innspel til planen gjennom utlysing i kommuneinformasjonen for april og mai 2010. Det er lagt ut informasjon på kommunen sin heimeside, og det er eige oppfordring til barn og unge på facebook. Det vart kalla inn til eit orienteringsmøte med lag og organisasjonar i Fyresdal i april. På møtet var det orientera om planprosessen, og litt om den økonomiske situasjonen til kommunen. I tillegg var Telemark Fylkeskommunen til stade for å orientere om planprosessen og om spelemidlar. I møtet blei det sett ned ein arbeidsgruppe som skulle jobbe med planen.

Frist for innspel vart sett til 15. mai 2010.

Fyresdal Idrettsråd tok innspel til planen opp til diskusjon i møte fyrste gong 11.05.2010.

Kulturdepartementets rettleiar "Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet" V-0798 er brukt under arbeidet med revisjonen.

Sept.09      Plan arbeidet   varsla etter plan og bygningsloven

Oppstart planprosessen

Lag og organisasjonar vert kalla inn til møte, orientering om prosessen, orientering om spelemidlar, og val av representantar til å vere med i arbeidsgruppa.

Gruppa består av:	Ein politiker frå KOO Barnas representant Leiar av idrettsrådet Friluftsliv/Turgruppa 1 repr. Frå enten kultur musikk, 4H, Kulturkonsulent	Per Helge Seltveit Svein Slyngstad Alexander Brekke Gunhild Momrak  Aslak Snarteland Hilde Martini Momrak
-------------------	--	---

Arbeidsgruppa sitt mandat blir å jobbe fram ein plan, med utgangspunkt i dei innspela som kjem inn. Kulturkonsulenten er sekretær.

05.05.10	KOO drøftar innspel til planen, ynskje om politiske føringar
15.05.10	Frist for lag og organisasjonar til å kome med innspel/anlegg dei ynskjer inn i planen
16/5-15/8-10	Arbeidsgruppa jobbar med framlegg til plan
15/8-1/10-10	Plan ute til høyring Eventuelle omskrivingar etter høyringsrunden
15.10.10	Plan ferdig til politisk behandling
03.11.10	Behandling i KOO, Eldrerådet og rådet for menneske med Nedsatt funksjonsevne
10.11.10	Behandling i Formannskapet
25.11.10	Behandling i Kommunestyret

### Definisjonar

Omgrep som idrett og friluftsliv kan verte tolka ulikt og det er difor naudsynt å gjere klart kva ein legg i dei ulike omgrepa.

**Idrett:** Aktivitet i form av trening eller konkurransar organisert gjennom lag/organisasjonar.

**Fysisk aktivitet:** Eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, mellom anna friluftsliv og leikeprega aktivitetar.

**Friluftsliv:** Opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.

**Nærmiljøanlegg:** Enkle anlegg eller område tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet mynta på lokalbefolkninga, og lagt i eller i tilknytning til bustadområde.

**Ordinære anlegg:** er i hovudsak nært knytt til konkurranse- og treningsverksemd for idrettsorganisasjonane

**Friluftsområde og friområde:** Vert ofte brukt om grøne område som er tilgjengelege for allmennheita til fri ferdsel. Friluftsområde er store ofte uregulerte område  
Friområde dekker avgrensa område som er opparbeida for, og kor det er lagt til rette for, allmenn rekreasjon og opphald.

### Evaluering av forrige plan

Idretts- og friluftsplenen har vært grei og oversiktleg, og har fungert som eit godt verktøy for kommunen når det gjeld bygging og rehabilitering av anlegg. Planen er integrert i budsjettarbeidet og kommunen sitt planarbeid elles. Planen har fungert godt som grunnlag for søknad om spelemidlar. Handlingsprogrammet har endra seg frå år til år, men all aktivitet som har kome inn i handlingsprogrammet har vore satsingsområde i planen og i kommunen. Eg knyter nokre kommentarar til dei laga/tiltaka som har stått på handlingsprogrammet i planperioden:

*Skyttarlaget:* I perioden 2006-2008 har skyttarlaget gjennomført oppgradering av sitt anlegg på Hagedalshavet, med elektroniske skiver.

*Skiskyttararenaen:* Ferdigstilling av arenaen. Det har og vore planlagd dusj og garderobe, samt klubbhus. Det har ikkje blitt gjennomført

*Kunstgrasbane og Friidrettsanlegg:* Ikkje søkt

*Utanomhusområdet Gimle skule:* Dette har vore eit satsingsområde i lang tid, men ikkje blitt gjennomført. Dette må sjåast i samanheng med utbyggingsvedtak på Gimle skule som ikkje kom før i 2010. Dette vil nok bli gjennomført i denne planperioden. Søkjar vert då kommunen sjølv.

*Samlokalisering av Idretten:* Nytt innspel til handlingsprogrammet med tiltak i 2010 og 2011. Det er ikkje søkt midlar.

*Motorsportanlegg:* Dette har vore eit ynskje i mange år. Det er sett av kr 700.000,- i kommunale midlar i perioden, og klubben søkte om spelemidlar i 2008. Søknaden blei trekt, men vert fremja att i samband med ny plan. Telemark Fylkeskommune har gjeve signal om at slikt anlegg er ynskt i regionen.

*Kulturbygg:* Det har blitt bygd nytt bibliotek i perioden, og samfunnshuset har fått nytt golv og ventilasjonsanlegg .

*Museumsbygg:* Står oppført med kommunale midlar i handlingsplanen (4 mill, total satsing 12 mill.) Museumsstyret har hatt ynskje om å setje opp eit nytt bygg i Øyskogen. Plassering av bygget vart ikkje godkjent av fylkesarkeologen i Telemark. Museumsbygget blei tatt ut av økonomiplanen for perioden 2010-2013.

Ved rullering av handlingsprogrammet kvart år, vert nye tiltak tekne ut og inn, avhengig av dei signala som kjem frå søkerane. Det er til sjuande og sist ein politisk avgjersle å prioritere handlingsprogrammet. Det er slik at dersom tiltaka ikkje er omtala i tekstdelen i planen, kan dei heller ikkje kome på handlingsprogrammet. Ein kan heller ikkje søkje spelemidlar for tiltaket, dersom tiltaket ikkje er på handlingsprogrammet.

### **Retningslinjer for spelemidlar:**

Den statlige idrettspolitikken ynskjer å legge til rette for at flest mogleg skal gjevast høve til å drive idrett og utøve fysisk aktivitet. Gjennom rammefordeling av spelemidlar ynskjer departementet å vere med å bidra til at det skal vere mest mogleg lik tilgang på anlegg for befolkninga uavhengig av bustad. Kva for anlegg som vert bygde vil vere eit resultat av lokale og regionale behov og prioriteringar. Som et verktøy i dette arbeidet kjem dei kommunale og fylkeskommunale planane for idrett og friluftsliv. Vedteken plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv er ein føresetnad for tildeling av spelemidlar.

Det vert stilt ein rekke krav til anlegg som ein ynskjer å få tilskot til. Dei fleste anlegg har krav til utforming sett av dei ulike idrettane sine særforbund, og det stillast også krav til planar for finansiering og drift av anlegga. Ofte er dette ein omfattande prosess, og det er difor viktig at alle lag og organisasjonar som ynskjer å søke om spelemidlar melder frå om dette til kommunen så tidlig som råd

## **IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK:**

### **Sentral føringar på området:**

**Idrett:** Staten har som mål å legge til rette for at flest mogleg skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet. Staten bør ha et særlig ansvar for gruppene barn (6-12år) og ungdom (13-19 år). Ein søker å leggje til rette for at det skal vere tilnærma lik tilgang på anlegg for befolkninga, uavhengig av bustad.

Friluftsliv: Staten har eit nasjonalt politisk mål at alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og naturen. Barn og unge skal gjevast moglegheit til å utvikle dugleikar i friluftsliv.

### **Kommunen sin politikk**

Kommunen har i ein 10 års periode hatt barn og unge som hovudsatsingsområde.

Kommuneplanen skal reviderast i kvar valperiode, det er ikkje gjort i denne planperioden, så måla i kommuneplanen er derfor ikkje fornya sidan 2005. Dette er uheldig, men ein må ta utgangspunkt i det planverket som er vedtatt.

Fyresdal er ein svært liten kommune, og det er ikkje mogleg å satse innan alle område.

Friluftsliv: Fyresdal kommune profilerar seg som ein friluftslivskommune, og ein vandrarkommune. Det er svært aktive turlag, jeger og fiskelag. Det er oppgraderte gode tilhøve for skyttarar.

Innanfor kommunen er det gode/brukbare tilhøve innan fylgjande idrettsgreiner:

- Symjing
- Skiskyting
- Motorsport
- Fotball (utandørs)
- Badminton
- Aerobic
- Spinning
- Volleyball
- Hest
- Flysport

Det har i lang tid vore ynskje om å få eit fleirbrukshus/ballhall for å betre tilhøva til innandørsidretten, samt fotballen på vinterstid.

Det har ikkje vore prioritert å avsette midlar til investering og drift på dette området, då ein er redd for at drift på slike anlegg kan bli for store, og at det igjen vil gå utover eksisterande oppegåande tiltak, til dømes drift av symjehallen. Kommunale politiske føringar har vore å satse på det vi har, på drift og vedlikehald.

Kommunen drifrar no anlegget til Symjehallen og Fyresdal Samfunnshus. Dei andre anlegga blir drifta av laga sjølve, med støtte frå kommunen i form av kulturmidlar. I forrige planperiode blei det dela ut kr 250.000,- i kulturmidlar i snitt pr. år til lag og organisasjonar i Fyresdal.

### ***UNIVERSELL UTFORMING/TILGJENGE FOR ALLE***

Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i alminneleg bruk, skal formast på ein slik måte at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Universell utforming er mellom anna regulert i plan- og bygningsloven, og alle anlegg som det søkjast spelemidlar til må ha universell utforming dersom det er mogleg.

### **MÅLSETJINGAR**

#### **Kommunale mål:**

Kommuneplanen er overordna plan for Fyresdal Kommune. I samfunnsdelen står det:

- Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Planen seier også:

- Arealforvaltinga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar
- Skule og kultur skal spele ei nykelelle i utvikling i kommunen

Avdeling for bygdeutvikling har m.a. dette som mål i økonomiplan 2010-2013:

- Det skal skapast grunnlag for å vere ein ”vandrekkommune”

Sektor for kultur og oppvekst m.a. desse måla i økonomiplan 2010-2013:

Rørsle, ernæring og ein god psykisk og fysisk helse pregar kvardagen.

Kultur, kommunikasjon og sosial kompetanse er sentralt

Alle får høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk

Vi stimulerar til høg aktivitet i lag og organisasjonar.

### **Hovudmål:**

For å følgje opp målsetjingane i kommune- og økonomiplanane ynskjer ein å ha fylgjande hovudmål for plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv:

- Fyresdal kommune skal i samarbeid med lag og organisasjonar legge til rette for fysisk aktivitet. Det skal og leggjast til rette for uorganisert aktivitet ,friluftsliv, jakt , fiske, og eit rikt og variert kulturliv.
- I dette arbeidet skal barn og unge prioriterast.

### **Delmål:**

- Kommunen skal medvirke til å skape møteplassar som er attraktive for innbyggjarane.
- Kultur skal brukast offensivt for å auke trivselen i kommunen, med særleg vekt på at det vert lagt til rette for å løyse ut initiativ og engasjement hjå frivillige organisasjonar og privatpersonar.
- Arealforvaltinga skal sikre born og unge tryggleik og moglegheiter for ulike aktivitetar.

Born og unge som målgruppe er i tråd med nasjonale prioriteringar.

### **Tiltak for å nå hovudmålsetjinga i planperioden:**

- Oppretthalde tilskot til idrett og kulturføremål
- Opprusting av utearealet ved Gimle skule
- Bidra økonomisk ved realisering av store kostnadskrevjande anlegg
- Bidra økonomisk til at Fyresdal Bygdemuseum får betre utstillingslokale.
- Kulturavdelinga ynskjer å bidra til eit aktivt og positivt idretts- og friluftslivsmiljø, mellom anna gjennom oppdatert kunnskap på tilskotsordningar innan fagområde.
- Stimulere til merking av turløyper av alle slag.
- Stimulere til oppkøyring av fleire skiløyper
- Stimulere lag og organisasjonar til å nytte spelemiddelordninga

Desse innspela hadde kome når fristen gjekk ut 15.05.10

### **INNSPEL TIL PLANEN**

Fyresdal kommune                      Uteområde på Gimle iflg. Utenomhusplan    Nærmiljøanlegg

Ragnhild Takle Nesland              Musikkbrakke

Vestkanten Grendelag	Opprusting av brygga i Fardal	
Fyresdal Skyttarlag	Miniatryskytting innandørs bane Ordinære anlegg Ingen kostnadsoverslag, ingen tidsperspektiv	
"Nordbygda løypelag"	Preparte skiløyper frå Veum og nordover mot Roan Ordinære anlegg, ingen kostnadsoverslag, mogleg søknad 2012.	
Fyresdal ungdomsklubb	Half Pipe Bane - Nærmiljøanlegg	
Fyresdal bygdemuseum	Nytt museumsbygg - Midlar til kulturbygg	
Birtedalen Grendelag/ Løypelag	Ny løypetrase langs Birtevatn, Ordinære anlegg Ingen kostnadsoverslag enno	
Avd. for bygdeutvikling	Ny naturstig i Hamaren, nærmiljøanlegg	
Fyresdal Idrettslag Trim	Vedlikehald og klopping av diverse stigar, ljostmast Høgenut, Ordinære anlegg	
Løypelag Våmur	Diverse tilrettelegging til meir skiløyper Ordinære anlegg Ingen kostnadsoverslag, ingen tidsperspektiv	
Førsdal Spinnvill styrketrening	Samordning av lokale til trening for spinning, aerobic og	
<i>Fyresdal Idrettsråd:</i>		
Fyresdal skiskyttarlag:	Klubbhus ved standplass utan våtromprisanslag 1.5 mill Anleggsstart 2011	
Fyresdal Motorsportklubb:	Motorsportanlegg: Baneanlegg prisanslag 2,1 mill Anleggsstart 2012, søkjer no i haust, allaktiviteteshus på sikt	
Hugljufur Islandshestforening:		
1	Ridebane med "bokser"	prisanslag 100 -150.000 Anleggsstart 2011
2	Ridehall innandørs	lenger fram i tid
Fyresdal hovedidrettslag:		
1	Kiosk klubbhus for idrettslaget	prisanslag 400.000 Anleggsstart snarast
2	Opprusting av lysløypa/offroadløype I Hamaren utan lys	Prisanslag ? Anleggsstart ?

- 1 skiløype 1.5 km
- 1 skiløype 2.5 km

3 Fleirbrukshall

Prisanslag 20 mill  
lenger fram i tid

Fyresdal Idrettsråd prioriterar innspela slik:

- 1 Kiosk/klubbhus for fotballgruppa
- 2 Ridebane utandørs for Hugljufur
- 3 Klubbhus for Fyresdal Skiskyttarlag
- 4 Skiløyper og offroad løyper i Hamaren for idrettslaget
- 5 Opprusting av baneanlegg Motorsportklubben
- 6 Fleirbrukshus for idrettslaget og andre
- 7 Ridehall innandørs for Hugljufur

## BEHOVSANALYSE

### Situasjonen i dag:

Aktivitetsnivået i lag og organisasjonar som driv innanfor områda idrett og friluftsliv er høgt i Fyresdal i forhold til folketalet. Tall frå Telemark Idrettskrets syner og at anleggsnivået er høgt sett i forhold til folketalet.

Kommunen yter tilskot i form av kulturmidlar kvart år, og er også ein viktig bidragsytar med økonomiske midlar ved bygging av kostnadskrevjande anlegg. Det vert også lagt ned ein stor dugnadsinnsats av dei ulike laga.

### Kulturbygg

Kommunen gjev årlege driftstilskot til grendehusa i kommunen. Dei fleste grendehusa i Fyresdal er gamle grendeskular og er eigd av kommunen.

Bygg/stad	Eigar	Drivar
Hauggrend grendehus	Hauggrend grendelag	Hauggrend grendelag
Kyrkjestoga/Veum	Kyrkjestoga v/styret	Kyrkjestoga v/styret
Fredheim/Veum	Roan 4H	Roan 4H
Veum grendehus	Fyresdal kommune	Veum grendehus v/styret
Åsland grendehus	Fyresdal kommune	Åsland grendelag
Kleivgrend grendehus	Fyresdal kommune	Kleivgrend grendelag
Heggland grendehus	Fyresdal kommune	Heggland grendelag
Gardar	Fyresdal kommune	Fyresdal kommune
Fyresdal samfunnshus	Fyresdal kommune	Fyresdal kommune
Fyresdal Folkebibliotek	Fyresdal kommune	Fyresdal kommuen
Vestkanten grendehus	Fyresdal kommune	Vestkanten grendelag
Birtedalen grendehus	Fyresdal kommune	Birtedalen grendehus v/styret
Kilegrend grendehus	Fyresdal kommune	Kilegrend grendelag
Stabburet v/Moland prestegard	Staten	Fyresdal sokneråd
Moland Kyrkje	Staten	Fyresdal sokneråd
Veum Kyrkje	Staten	Fyresdal sokneråd

I budsjettmøtet i desember 09, blei det vedtatt å gå til innkjøp av ein musikkbinge. Denne er i skrivande stund på veg til Fyresdal, og skal plasserast i nær tilknytning til samfunnshuset.

Fyresdal kommune har vedlikehaldsansvar for kyrkjene i Fyresdal. Kyrkjene er i god stand, og blir mykje nytta også til kulturelle arrangement.

Fyresdal Bygdemuseum har lenge hatt ynskje om å sette opp eit nytt museumsbygg. I dag disponerar dei ulike hus i Øyskogen og nokre hus i Folkestadbyen. Det har vore planlagt eit nytt museumsbygg som skal romme utstillingslokale og sanitæranlegg. Det har og vært tankar om at Turistinformasjonen skal ha tilhald der.

### **Friluftsliv:**

Fyresdal Kommune har ein rik og variert natur. Det er store og flotte friluftsområde i kommunen, og dei siste åra har ein også jobba med å få til fine og funksjonelle friområde, som til dømes Bryggeparken.

Fyresdal Idrettslag har ei trimgruppe som mellom anna arrangerar Bispeveg marsjen og toppturar gjennom året. Bispeveg marsjen har eksistert i 25 år. Ti på topp går gjennom året, og er lagt opp slik at ein registrerar talet på toppar kvar einskild har besøkt på eit år. Ein kan velje mellom 15 turar og må ha vore på minst ti av desse for å vere med i konkurranse om flotte premiar. Det er lagt opp fellesturar til dei ulike toppane og andre turmål, ein dag i veka heile året. Det å kunne gå tur i eit fellesskap og med kjentmann gjer terskelen for å kome seg ut mykje lågare enn om ein skulle gått aleine. Dette er difor eit populært og viktig tiltak som kommunen ser særst positivt på. Turane er svært godt merkt, og ein del av dei er merka med "kommunale" skilt.

Kommunen er i dag i ferd med å etablere seg som ein vandrarkommune, i samarbeid med nabokommunane i region Vest-Telemark. Dette er eit svært viktig tiltak som kan gje gode supplement til dei populære toppturane. Tanken er å få fokus på heile regionen som ein attraktiv destinasjon for vandrarar.. Tilbodet skal vere breitt, i Fyresdal er det velt ut Roan, Igletjønnuten og Kulturminneløypa i sentrum.

Satsingsområde framover bør vere å satse på merking/utvikling av turløyper som ikkje nødvendigvis er ein "topptur".

### **Skiløyper:**

Sett i høve til kommunane i region Vest-Telemark har Fyresdal dårleg tilrettelagt for skigåing i preparerte løyper. Pr. i dag har vi oppkøyrde løyper i fylgjande område:

Løype	Ca km	Kva slags løype
Ljosløype på Veum	2-5 km	Oppkøyrd med prep. Maskin, svært bra
Birtedalen	35 km	Oppkøyrd med scooter og sporleggjar, godt merka, hyppig oppkøyrd
Skvattedammen/Momrak/Lie	3-4 km	Oppkøyrd med scooter og sporleggjar, etter behov
Våmur		Oppkøyrd med scooter og sporleggjar, nokon helger, vinterferie og påske

Opplysningar om løypene er lagt ut på heimesidene til kommunen. Birtedalen annonserer i tillegg på egne heimesider.

Det er stor interesse for skigåing i Noreg, og blant barn og unge. Det å ha tilrettelagt for godt oppkøyrde og merka skiløyper er svært viktig. I ein friluftskommunen som Fyresdal bør det vere eit prioritert satsingsområde å stimulere til oppkøyring av fleire skiløyper. Oppkøyringa bør og vere meir systematisert.

### **Idrett:**

Fyresdal kommune har svært aktive idrettslag med stort innslag av frivillig innsats. Utfordringa til den organiserte idretten er å greie å halde på ungdomen når dei kjem i 15-16 års alderen, spørjeundersøkingar visar at ungdomen meiner idrett blir for kjedeleg når dei kjem i den alderen. I Fyresdal har vi og sett tendensane til dette, i tillegg reiser mykje ungdom ut på vidaregåande skule, og ein mistar mange gode "førbilete" for dei yngre

#### *Fyresdal Hovudidrettslag:*

##### *Fotballgruppa*

150 medlemmer

Ynskjer seg betre treningstilhøve om vinteren, og nytt klubbhus nær eksisterande banar i dag.

##### *Symjegruppa*

50 medlemmer, konkurransebasert, nylig restaurert, gode tilhøve

##### *Trimkontakt*

200 som er aktive turgåarar, ynskjer å søkje spelemidlar for å få dekt noko at utgiftene til merking av løyper og liknande.

##### *Skikontakt:*

Arrangerer skikarusell og skileik. Opp mot 100 deltakarar.

##### *Aerobic:*

15 medlemmer, trenar to gonger i veka på samfunnshuset, må ofte vike for kulturelle arrangement, og ynskjer seg betre og meir hensiktsmessige lokale

##### *Barne- og idrettsskolen*

ca 35 medlemmer pr. år. Variert tilbod: sykling, topptur, fotball, turn, klatring, innebandy, symjing, skileik, aking og skikarusell.

##### *Badminton*

Aktivisert som trimtiltak for vaksne, ca 10 aktive.

Trenar to gonger i veka på samfunnshuset

##### *Volleyball*

Aktivisert som trimtiltak, 13 aktive

Trenar ein gong i veka på samfunnshuset, og sommarhalvåret ved strandvolleyballbanen ved bryggja i sentrum.

Hovudidrettslaget ynskjer tilrettelegging for skiløyper om vinteren og offroad løype i Hamaren om sommaren.

##### *Styrketrening:*

Godt tilbod, eigenorganisert. Held til i særst lite trivelege lokale i 2. høgda over gymsalen på Gimle. Ca 20 medlemmer. Med lysare og lettare lokale, hadde dei trekt til seg mange fleire brukarar.

##### *Fyresdal skiskytterlag:*

Ca 50 medlemmer, held til på Veum, nylig avslutta oppgradering av løyper og standplass. Asfaltering av delar av løype.  
Ynskjer å søkje spelemidlar for å få sett opp eitt klubbhus i nærleik til standplass.

#### *Fyresdal skyttarlag:*

Ca 250 medlemmer, av desse om lag 20 aktive, held til på Hagedalshavet, oppdaterte elektroniske skiver, planar om betre tilhøve for innandørs aktivitetar (miniatyrskyting).

#### *Fyresdal Motorsportklubb:*

Ca 100 medlemmer, av desse 70 aktive. Fire underavdelingar: Snoscooter, cross/ATV, mекkeklubben og radiokontrollerte biler. Dei held for tida til i lokale ved flyplassen, har i lengre tid hatt ynskje om å lage eit motorsportanlegg utandørs, samt eit nytt allaktivitetshus/klubblokale. Det er og mogleg å tenkje samarbeid med andre aktørar i regionen, når det gjeld banar, ein tenkjer mellom anna på scooteranlegget i Skafså. Eksisterande baneanlegg ligg nå delvis innanfor sikkerhetssona på flyplassen. Banen må flyttast lenger øst, men noko av det eksisterande baneanlegget kan nyttast slik det er i dag. Det ligg føre gode teikningar på evt. nytt baneanlegg teikna av AT-plan. Det blei sett av midlar til motorsportanlegg i forrige planperiode, kommunen har vedtatt å setje av kr 700.000,- til dette formål.

#### *Førsdal Spinnvill:*

100 medlemmer, stort sett vaksne, men aktiviserar og ein del ungdommar i alderen 13-19 år. Tilhald på hotellet, ynskjer betre lokaler

#### *Hugljufur Islandshestforening*

35 Aktive har ingen fast tilhaldsstad, har kurs og rideturar i fellesskap  
Ynskjer ridebane og på lang sikt ridehall

## **ANALYSE AV LANGSIKTIGE OG KORTSIKTIGE BEHOV FOR ANLEGG OG AKTIVITET**

### **Analyse kulturbygg:**

Når det gjeld kulturbygg er det nok størst press på samfunnshuset i sentrum, som blir eigd og drive av Fyresdal kommune. Det er stor aktivitet i huset, både treningsaktivitet, dei aller fleste kulturelle arrangement, ungdomsklubb, bibliotek, kantine og for tida skule- og fritidsordning. Huset leigast og ut som selskapslokale og til dansearrangement. Det er ofte at treningsaktivitetar må vike for kommunale arrangement. Storsalen på Samfunnshuset er i utgangspunktet lite eigna for idretts- og kulturaktivitetar. For idretten går det på storleik og tilgjenge. Som kulturstoge har ein stadig behov for rigging, det er dårlege scenefasilitetar og dårleg akustikk. Det er eit ynskje om uttrekkbart amfi, tilrettelegging for kino, og betre scenefasilitetar. Dette vil i så fall få konsekvensar for idretten.

### **Museumsbygg:**

Fyresdal Bygdemuseum ynskjer betre utstillingslokale nært til Øyskogen. Det er tenkt å vere utstillingslokale, toaletter og evt. Turistinformatjon. Vidare arbeid med finansiering av et slikt bygg vil vere avhengig av noko finansiering frå kommune. Nytt museumsbygg har stått på handlingsprogrammet dei siste fire åra, men blei tatt ut av økonomiplanen til kommunen i budsjettet for 2010.

Arbeidsgruppa ser gjerne at museumsstyre ser på andre løysingar enn eitt nytt bygg, til dømes dra nytte av eksisterande bygningsmasse i Folkestadbyen.

## **Langsiktige behov kulturbygg:**

### **Museumsbygg:**

Betre utstillingslokale og toalett for Fyresdal Bygdemuseum nær Øyskogen.

### **Samfunnshuset:**

Det er behov for eit samfunnshus/kulturhus som er betre eigna for kulturaktivitetar. Det er behov for utrekkebart amfi, tilrettelegging for kino, betre akustikk og scenefasilitetar

## **Analyse idrett og friluftsliv:**

### **Idrett:**

Som nemnt ovanfor har delar av idretten i Fyresdal dårlege tilhøve vinterstid. Det er ynskje om betre tilhøve for fotball vinterstid, og spinningmiljøet, aerobic og styrketrening treng betre treningslokale heile året. Det optimale hadde vore å samla all idrett i eit fleirbrukshus for idretten, som kan romme fotball, spinning, styrketrening, aerobic, volleyball, skyting og badminton. Slik kunne ein unngå konfliktar mellom brukarane av samfunnshuset, og evt. auke aktivitetsnivået. Fyresdal hovudidrettslag har kome med innspel til dette. Dei ynskjer ein fleirbrukshall størrelsesorden handballmål, prisanslag ca 20 mill. Dette er ein stor og tung investering, som evt. må leggjast mange år fram i tid, men det er viktig å synlegjere behovet som idretten har.

Pr. i dag har kommunen vedlikehaldsansvar for symjehallen og samfunnshuset, og dei politiske signala så langt har vore skepsis til å investere i nye store bygg med tanke på vedlikehaldsansvar.

Det gjevast spelemidlar til fleirbrukshallar, og små kommunar som Fyresdal, kan få 10% ekstra i spelemidlar til små fleirbrukshallar,

Førsdal spinnvill meiner at det å samordne spinning, aerobic og styrketrening, vil vere bra for treningsmiljøet, og at dette kan løysast på ein god og enkel måte, for eksempel med noko nytt lokale knytt til eksisterande gymsal på Gimle skule.

Gimle skule rehabiliterar no skulen, men skal ikkje gjere noko med gymsalen som er svært lite tiltalende slik den er i dag. Den fungerer greitt nok for småskulen som gymsal, men noko dårlegare for ein ungdomsskuleklasse med 20 ungdommar. Ein lett opprusting av gymsalen, og med noko nytt lokale knytt til denne, som kan gje rom til spinningssyklar og styrketreningsapparat, kunne på ein enkel måte gitt eit mykje betre tilbod til desse brukarane. Denne type treningsaktivitet er blitt svært viktig for ein stor del av innbyggjarane i Fyresdal, slike tilbod er integrerande, helsefremjande og svært viktig for unge og vaksne.

### **Motorsport:**

Det har i mange år vore tema å etablere eit motorsportanlegg i Fyresdal. Dette er gode tankar og flotte tiltak for barn og ungdom som ikkje nyttar dei vanlege tilboda innan idrett og friluftsliv. Motorklubben ynskjer både betre baneanlegg og nytt klubbhus/allaktiviteteshus. Klubbhuset ynskjer dei å leige ut til andre lag som og treng lokale. Baneanlegget må flyttast noko i høve til sikkrethetssona på flyplassen, og rustas opp. Arbeidsgruppa ynskjer at motorklubben prioriterar baneanlegget fyrst, for slik å få ein aktiv medlemsmasse. Eit klubbhus bør evt. kome i neste runde. Det må gjerast ein grundig vurdering om det er ressursar nok til å drifte eit slikt anlegg.

Hestesport:

Dette er og viktig tilbud til barn, unge og andre grupper. Hugljufur Islandshestforening har i dag ingen naturleg samlingsplass, og ynskjer å ha ein ridebane nær flylassen til ridning, og for å ha ein samlingsplass. Dei samarbeider godt med tråvlaget som har ypperlege klubblokale på flyplassområdet. Ved å ha ein samlingsplass i sentrum til hestar og ridning, vil ein kunne gje eit svært godt tilbud til barn og unge.

### **Friluftsliv:**

Det er gjort eit svært godt arbeid dei seiste åra, med merking av turstigar, og "turgjengen" drar mange med seg på turar fleire gonger pr. veke. Det er svært helsefremjande og gode tiltak som må halde fram, og kommunen bør stø opp under desse tiltaka.

Når det gjelder skiløyper har vi mykje ugjort. Kommunen yter pr. i dag noko økonomiske stønad til dei som køyrer løyper i dag, dette tilskotet må halde fram, og kommunen bør stø opp under tiltak som fremjar betre løypetilhøve i kommunen.

### **Langsiktige behov idrett og friluftsliv:**

Ein ser at det på sikt er behov for betre tilhøve for heilårs idrettsaktivitet. Det å samle all idrettsaktivitet i eit fleirbrukshus, og på sikt ha samfunnshuset meir som eit reint kulturbygg, er ynskjeleg.

Idretten har klare ynskjer om dette, for å sikre kontinuitet og forutsigbare treningstider for alle, og for at fotballen skal få akseptable treningstilhøve på vinterstid.

Det har kome ynskje frå Hugljufur Islandshestforening om å ha ein innandørs ridehall på sikt.

### **Kortsiktige behov idrett og friluftsliv:**

*Uteområde ved Gimle skule:*

Nærmiljøanlegg – Gimle skule er i skrivande stund under rehabilitering, og det er viktig å ruste opp uteområde når arbeidet inne er ferdig. Det vert no utarbeida ein plan for dette området. Ungdomsklubben har kome med innspel om BMX bane og half pipe bane, og desse innspela blir sett i samanheng med denne planen for uteområdet ved Gimle skule.

*Samlokalisering spinning, aerobic og styrketrening:*

Ordinære anlegg: Samlokalisering av spinning, aerobic og styrketrening.

Ruste opp gymsalen, byggje på nytt, som kan romme spinningssyklar og treningsapparat.

*Naturstig Hamaren:*

Nærmiljøanlegg: Det har kome framlegg frå avd. for bygdeutvikling om å etablere ein naturstig i område. Vi har tidlegare hatt informasjonstavler i område kring Hamaren. Det vart og i si tid laga ein eventyrstig. Alt dette er fjerna, grunna mangel på vedlikehald, og økonomiske rammer for å halde det vedlike. Barnehagen har sakna dette tilbudet, og har fått plansjane til å take med seg når dei går tur i området.

Naturstigen er tenkt som ein rundløype på 800 meter. Ca 10-12 informasjonsskilt undervegs. Løypa kan leggjast til rette for blinde og svaksynte med ein tydeleg markert vegkant og gule steinar ved kvar post, blindeskrift på infotavlene. Må sjåast i samanheng med ynskje om skiløyper i området, sjå under.

*Skiløyper og BMX løyper Hamaren:*

Nærmiljøanlegg: Innspill frå hovedidrettslaget. Ynskje om å leggje til rette for to skiløyper i Hamaren. Ein må gjere enkelt grunnarbeid, og traseen kan brukast til BMX (sykkel) løype sumarstid. 1 løype på 1.5 km og ein på 2.5 km. Her bør ein i så fall samarbeide med avd. for bygdeutvikling i høve til løype for naturstig, sjå ovanfor.

#### *Kiosk/klubbhus for fotballgruppa*

Ordinære anlegg: Hovedidrettslaget ynskjer å sette opp eit klubbhus/kiosk for fotballgruppa. Snarleg oppstart, ynskjer å søkje midlar i 2011. Prisant. Ca kr 400.000,-.

#### *Ridebane utandørs for Hugljufur*

Ordinære anlegg: Hugljufur ynskjer ein utandørs ridebane for å samle aktiviteten. I dag har dei ingen felles samlingsarena, dei ynskjer å etablere seg på flyplassen, for å vere sentrumsnære og kunne gje eit tilbod til barn og unge. Mogleg kostnad 100-150.000,-, ynskjer å søkje i 2011.

#### *Klubbhus for Fyresdal Skiskytterlag*

Ordinære anlegg: Skiskytterlaget ynskjer klubbhus (utan våtrom) på standplass. Dei har eit rom til disposisjon på grendehuset på Veum i dag. Dette skal rivast. Prisanslag klubbhus 1.5 mill., søkjer i 2011, anleggsstart 2011.

#### *Opprusting av baneanlegg Motorsportklubben*

Ordinære anlegg: Fyresdal Motorsportklubb ynskjer å søkje i 2011 om midlar til å ruste opp baneanlegget. Dei har på lang sikt og ynskje om å sette opp eit klubbhus/allaktivitetshus i området knytt til banane. Dei ynskjer i fyrste omgang å prioritere arbeidet med banane, for å få opp aktivitetsnivået, og så i etterkant av dette evt. Søkje midlar til klubbhus/allaktivitetshus. Det er og interesse for å etablere ein co-cart bane i same område. Klubben søkte spelemidlar i 2009, men trakk søknaden då reglar i høve til momsrefusjon var noko uklare. Det er tidlegare avsett kr 700.000,- i kommunale midlar til motorsportanlegg. Det er noko uklart om det er ressursar i klubben til å ta eit slikt løft, det gjenstår å sjå når dei søkjer.

#### *Skiløyper Birtedalen grendelag/løypelag:*

Ny løypetrase langs Birtevatn. Det var vore ein problematikk med for mykje sno og vatn på løypene som går over Birtevatn, og det er ynskjeleg å få lagt løypene langs vatnet men på land i staden. Dette for å betre tryggleiken.

#### *Skiløyper generelt:*

Ein veit at det rører seg i grendelag og hyttevel rundt i kommunen. Kjem det konkrete søknadar om spelemidlar på gode løypetrasear, bør dei prioriterast i handlingsprogrammet.

#### *Merking, klopping , skilting og vedlikehald av diverse stigar:*

Innspel frå Idrettslaget ved trimkontakten. Turgjengen er svært aktive, og ynskjer å søkje midlar til å få dekt noko av utgiftene til merking, klopping, skilting og vedlikehald. I tillegg ynskjer dei å setje opp ein lysmast på Høgenut, som kan tennast i adventstida.

#### *Handlingsprogrammet:*

Nokre av tiltaka som er lista opp ovanfor blir tatt med i handlingsprogrammet, som skal rullerast og politisk handsamast kvart år. Dei tiltaka som har høgast prioritet i handlingsprogrammet, er dei tiltaka som kommunen sjølv ynskjer å prioritere. Om desse tiltaka har kommunale midlar med, må dette implementerast i arbeidet med budsjett og økonomiplan.

Handlingsprogrammet ligg som vedlegg til planen.

Kjelder:

V-0987 Kommunal planlegging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv  
Kulturdepartementet 2000

V-0732 Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2010

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv i Fyresdal Kommune 2005-2009

